



## Forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg

Sentral forskrift om begrensning av forurensing (forurensingsforskriften)  
FOR-2004-06-01-931 per 12.06.2018, kap. 12.

### Lokal forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg for Austrheim kommune

Oktober 2018



## Innhald

Utdrag frå sentral Forskrift om begrensning av forurensing (forurensingsforskriften)	3
§ 12-1. Virkeområde for kapittel 12	3
§ 12-2. Forurensningsmyndighet	3
§ 12-3. Krav om tillatelse	3
§ 12-4. Søknad om tillatelse	3
§ 12-5. Behandling av søknad	4
§ 12-6. Lokal forskrift	4
Lokal forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg for XXX kommune	5
1. Krav til avløpsanlegg (erstattar forurensningsforskrifta § 12-7)	5
2. Reinsekrav (erstattar forurensningsforskrifta §§ 12-8 og 12-9)	5
3. Forbodssoner (erstattar foruensningsforskrifta § 12-8)	6
4. Dokumentasjon av reinsegrad (erstattar foruensningsforskrifta § 12-10)	6
5. Utsleppsstad (erstattar forurensningsforskrifta § 12-11)	7
6. Krav til utforming og drift (erstattar foruensningsforskrifta §§ 12-12 og 12-13)	7
7. I krafttreden	8
Utdrag frå sentral Forskrift om begrensning av forurensing (forurensingsforskriften)	8
§ 12-14. Endring og omgjøring av tillatelse	8
§ 12-15. Klage	8
§ 12-16. Forholdet til eksisterende utslipp	8
§ 12-17. Oppheving av lokale forskrifter	8
Resipientkart	9
Definisjonar	10
Rettleiing	11

# **Utdrag frå sentral Forskrift om begrensning av forurensing (forurensingsforskriften)**

**FOR-2004-06-01-931, kapittel 12. Krav til utslipp av sanitært avløpsvann fra bolighus, hytter og lignende, §§ 12-1 til 12-6**

Fastsatt med hjemmel i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven) § 9, § 52a, § 81 og § 86. Kapittel 12 endret ved forskrift 15 des 2005 nr. 1691 (i kraft 1 jan 2007).

## **§ 12-1. Virkeområde for kapittel 12**

Kapittel 12 gjelder for utslipp av sanitært avløpsvann fra bolighus, hytter, turistbedrifter og lignende virksomhet med utslipp mindre enn 50 pe. For virksomhet som kun slipper ut gråvann, gjelder dette kapittel bare dersom det er innlagt vann.

Krav i kapittel 12 gjelder ikke påslipp til offentlig avløpsnett.

## **§ 12-2. Forurensningsmyndighet**

Kommunen er forurensningsmyndighet etter dette kapitlet og fører tilsyn med at bestemmelsene og vedtak fattet i medhold av dette kapitlet følges.

## **§ 12-3. Krav om tillatelse**

Ingen kan sette i verk nye utslipp eller øke utslipp vesentlig uten at tillatelse er gitt i medhold av § 12-5.

Utslipp etablert før 1. januar 2007, som ikke økes vesentlig, er tillatt i den grad dette følger av § 12-16.

## **§ 12-4. Søknad om tillatelse**

Ved etablering av nye utslipp eller vesentlig økning av eksisterende utslipp av sanitært avløpsvann skal den ansvarlige sørge for at

1) det er utarbeidet en skriftlig, fullstendig søknad som inneholder de nødvendige opplysningene for kommunens behandling, herunder:

- a) den ansvarliges navn og adresse,
- b) om utslippet skal etableres og drives i samsvar med kravene i § 12-7 til § 12-13, eller om det søkes om å fravike disse kravene,
- c) dokumentasjon på hvordan utslipp skal etableres og drives,
- d) plassering av avløpsanlegg og utslippsted på kart i målestokk 1:5000 eller større,
- e) utslippets størrelse i pe, jf. § 11-3 bokstav m,
- f) beskrivelse av utslippsstedet,
- g) interesser som antas å bli berørt av etableringen, herunder interesser knyttet til drikkevannsforsyning, rekreasjon eller næringsvirksomhet,
- h) oversikt over hvem som skal varsles, og
- i) samtykke fra kommunens planmyndighet dersom utslippet er i strid med endelige planer etter plan- og bygningsloven.

2) parter og andre som kan bli særlig berørt av saken er varslet om innholdet i søknaden. Kopi av varselet skal sendes til kommunen samtidig med at parter og andre blir varslet. I varselet skal det fremgå at uttalelser må være kommet til søker innen en frist på minst fire uker etter at varselet er sendt.

3) søknad er sendt til kommunen, etter at uttalelsesfristen er utløpt, sammen med kvittering for at varsel er sendt og eventuelle uttalelser.

Reglene om varsel og granneskjønn i granneloven § 6 til § 8 gjelder ikke for utslipper etter denne forskriften.

#### **§ 12-5. Behandling av søknad**

Fullstendig søknad i overensstemmelse med krav i § 12-7 til § 12-13 skal avgjøres av kommunen innen seks uker. Dersom kommunen ikke har avgjort slik søknad innen fristens utløp, regnes tillatelse for gitt såfremt det ikke er grunn til å tro at noen part vil være misfornøyd med dette. Klagefristen begynner å løpe fra den dagen fristen utløper. Fullstendig søknad om tillatelse til utslipper med krav som fraviker § 12-7 til § 12-13 skal avgjøres uten ugrunnet opphold.

Kommunen kan under behandling av søknaden fastsette krav som fraviker § 12-7 til § 12-13, herunder fastsette krav til utslippssted,-anordning og-dyp, eller nekte etablering av utslipper. Der søknad om utslipper er i samsvar med § 12-7 til § 12-13, kan kommunen kun varsle om utvidet saksbehandlingstid dersom fristen på seks uker ikke er utløpt, og dersom det foreligger særlige forhold som brukerkonflikter eller lignende. Når kommunen avgjør om det skal fastsettes andre krav, skal det legges vekt på de forurensningsmessige ulempene ved tiltaket sammenholdt med de fordeler og ulempene som tiltaket for øvrig vil medføre.

Kommunen skal samordne behandling av søknad om utslippsstillatelse etter dette kapittel med byggesaksbehandling etter plan- og bygningsloven.

Er arbeidet ikke igangsatt senest tre år etter at tillatelse er gitt, eller innstilles arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utslippet bort. Dersom utslippet fremdeles er aktuelt, må ny søknad sendes inn.

#### **§ 12-6. Lokal forskrift**

Kommunen kan fastsette lokal forskrift dersom det er nødvendig ut i fra forurensningsmessige forhold eller brukerinteresser. Kravene i lokal forskrift skal erstatte kravene i § 12-7 til § 12-13.

# Lokal forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg for Austrheim kommune

Fastsett med heimel i forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensing av forurensing (forurensingsforskrifta) § 12-6, jf. lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensing og om avfall (forurensingslova) § 9.

Forskrifta består av føresegner som er rettsleg bindande. Rettleiande soneinndeling med reinsekrav er vist på vedlagt resipientkart, i tillegg er det med ei rettleiing.

Forskrifta erstattar § 12-7 til 12-13 i Forskrift om begrensing av forurensing. Elles gjeld bestemmelsane i Forskrift om begrensing av forurensing.

## 1. Krav til avløpsanlegg (erstattar forurensningsforskrifta § 12-7)

Alle avløpsanlegg skal prosjekterast og utførast i samsvar med NKF og NORVAR sine VA-miljøblad der det fins. Dersom VA-miljøblad ikkje ligg føre for den aktuelle anleggstypen skal anlegget prosjekterast og utførast etter anerkjend bransjenorm og i tråd med gjeldande standardar. Prosjektering og anleggsutføring skal utførast av føretak med nødvendig VA-teknisk kompetanse.

## 2. Reinsekrav (erstattar forurensningsforskrifta §§ 12-8 og 12-9)

Reinsekrava gjeld for alle utslepp av sanitært avlaupsvatn på ein eide dom. Ved nytt eller utviding av eksisterande løyve skal det stillast krav om at alle utslepp av sanitært avlaupsvatn, frå alle bygningar på ein eide dom, skal tilfredsstilla reinsekrava.

Kommunen er inndelt i følgjande reinseklassar med tilhøyrande krav til reinseffekt:

Reinseklasse	Krav til reinseffekt			Krav til reinseffekt (tal/100ml)
	Total fosfor (P)	BOF5	Suspendert stoff (SS)	Bakteriar (TKB)
a+ (biologisk/kjemisk minireinseanlegg m/ etterpolering)	< 1,0 mg/l (Dette tilsvrar ein reinseffekt på 90 %)	< 25 mg/l (Dette tilsvrar ein reinseffekt på 90 %)		< 1000
a (biologisk/kjemisk minireinseanlegg)	< 1,0 mg/l	< 25 mg/l		
d (slamavskiljar)			< 180 mg SS/l restkon-sentrasjon	

Reinseffekt i % vert rekna som årleg middelverdi av det som vert tilført reinseanlegget.

Reinsekrava gjeld for følgjande område (sjå resipientkart):

Område	Reinseklasse
Vassdrag, ferskvatn, tjørn, bekkar og lukka grøfter (minireinseanlegg)	a
Sjøområde med dårleg resipient (minireinseanlegg)	a
Område som bakteriar/smittestoff kan forureina drikkevatn/badeplassar (minireinseanlegg med etter-polering)	a+
Svartvatn til gode sjøresipientar (slamavskiljar)	d
Gråvatn til gode sjøresipientar utan reinsekrav	

### **3. Forbodssoner (erstattar foruensningsforskrifta § 12-8)**

Til følgjande pollar, vatn og elvar med nedbørfelt vert det ikkje godkjent nye utslepp av avlaupsvatn:

- A. Rasmussvatnet, Rotevatnet, Ulvikavatnet, Hammarsvatnet, Auretjørn, Rebnorsvatnet, Åråsvatnet, Vaulen i Gassevågen, Solevatnet, Lindåsvatnet, Langevatnet, Førlandsvatnet, Monslaupen, Straumstadvatnet, Ævatnet, Altersvatnet, Klebakkvatnet, Purkebolvatnet, Vestretjørna, Austrevågen, Synnevågen og Leirvågsanden.

Forbodet om nye utslepp gjeld elles ei kvar drikkevasskjelde eller reservevasskjelde. Forbodsoner er vist med raud farge i resipientkart.

### **4. Dokumentasjon av reinsegrad (erstattar foruensningsforskrifta § 12-10)**

Minireinseanlegg skal ha dokumentasjon som tilfredsstiller NS-EN-12566-3. Når utslepp frå minireinseanlegg (a og a+) går til bekk eller vassdrag må utsleppsvatnet gå igjennom slamavskiljar eller klinkerkum før utsleppet vert ført til bekk eller vassdrag. Når utsleppet går til lukka jordbruksgrøft er det ikkje krav til etterbehandling.

Slamavskiljarar skal ha dokumentasjon som tilfredsstiller NS-EN-12566-1. Slamavskiljar skal nyttast der ein kan føra utsleppet i tett leidning til godkjend resipient i sjø. Slamavskiljaren skal plasserast og utformast slik at tömming av alle kammer er mogleg. Plassering og tilkomst skal oppfylla gjeldande krav i forskrift for slamtömming i kommunen. Slamavskiljaren skal tömmast heilt for slam etter trøng, men ikkje sjeldnare enn kvart andre år for heilårsbustadar og kvart fjerde år for fritidsbustadar.

Dersom det vert sleppe ut gråvatn i område med reinseklasses a eller a + skal gråvatnet gjennomgå reinsing i gråvassreinseanlegg med tilsvarende reinseeffekt. Dersom det vert sleppe ut gråvatn i område med reinseklasses d: Gråvatnet skal minst gjennomgå slamavskiljing ved utslepp til sjø. Filterpose med utslepp til sjø, i staden for slamavskiljar, vert berre godkjent for eksisterande fritidsbustadar, berre for gråvatn og berre der det ikkje er mogeleg med tilkomst med septikbil/tømmeutstyr. Ved utslepp til god sjøresipient kan gråvatn førast ureinsa til sjø.

Det kan godkjennast andre anlegg og reinseparkar der reinsekrava for området er dokumentert oppfylt. Andre anlegg og reinseparkar skal ha dokumentasjon på at anerkjent dimensjonering og utforming er nytta.

Tett tank-løysingar er ikkje tillatt.

I særlege tilfelle, der ikkje anna løysing er mogeleg, kan det etter grunngjeven søknad verta gjeve dispensasjon. Dispensasjon kan berre gjevest som mellombels løysing, til dømes for anleggsbrakker, eller for offentlege toalett som er open for ålmenta.

Tett tank-løysing skal utførast i tråd med NS1545.

Avtale om tömming frå eit godkjent slamtømmeselskap må vera på plass før anlegget vert godkjend og teke i bruk. Tømmeselskapet skal melda i frå til kommunen når tömming er utført. Det vert stilt krav om alarm, som varslar i god tid før tanken er full, direkte til slamtømmar.

### **5. Utsleppsstad (erstattar forurensningsforskrifta § 12-11)**

Ved utslepp til sjø og vatn skal utsleppstad og djupne vurderast i forhold til resipienten i kvart tilfelle. Straumtilhøve, brukarinteresser i sjø og eventuelle tersklar mot eit større basseng skal vurderast.

Utsleppsstad for avløpsvatn frå reinseanlegg skal lokaliserast og utformast slik at verknadane av utsleppet på resipienten og inngrep i naturen vert minst mogleg, og at brukarkonflikta vert unngått. Drikkevatn må ikkje forureinast. Elvar og bekkar som tek imot reinsa avløpsvatn skal ha årsikker vassføring.

Anlegget og leidningar må vera frostsikre og ha tilstrekkeleg yteevne under alle normale klimatilhøve.

Leidningsnett skal utførast som skjult anlegg i terrenget. Terrenget skal førast tilbake til opphavleg tilstand etter at leidningsnettet er lagt.

Krav utover minimumskrav kan setjast i enkeltsaker etter vurdering av lokale tilhøve.

a. Utsleppsstad for avlaupsvatn frå slamavskiljar (reinseklasse d) til sjøresipient skal lokaliserast slik:

For tilstrekkeleg fortynning og innlagring av avløpsvatnet må utsleppsdjup som hovudregel vera større enn 10 meter for utslepp inntil 25 pe og 20 m for utslepp over 25 pe, men minst 20 meter frå land og minimum 100 meter frå ålmenn nytta badeplass.

Avløpsleidninga skal vere neddykka og forankra i heile si lengd på ein slik måte at den ikkje flyt opp eller endrar leie. Lodd skal vere av betong og ha avrunda form og innfelte boltar, slik at dei ikkje skadar eller festar fiskereiskap.

b. Utsleppsstad for avløpsvatn frå reinseanlegg (reinseklasse a eller a+) skal lokaliserast slik at:

Utslepp i tett leidning til sjø og ferskvatn vert lokalisert minst 2 meter under lågaste vasstand, minst 10 meter frå land horisontalt og minimum 100 meter frå ålmenn nytta badeplass.

Utslepp i tett leidning til elv/bekk/kanal/grøft skal berre skje til recipient med årssikker vassføring, jf. § 3 i Vannressurslova, eller til leidning for jordbruksdrenasje dersom den munnar ut i recipient med årssikker vassføring.

c. Utslepp til infiltrasjon i grunnen:

Utslepp til infiltrasjon i grunnen til stadeigne masser der desse har tilfredsstillande og dokumentert kvalitet.

## **6. Krav til utforming og drift (erstattar foruensningsforskrifta §§ 12-12 og 12-13)**

Eigaren av avløpsanlegget er ansvarleg for at anlegget til ei kvar tid vert drive og vedlikehalde slik at alle krav vert følgd.

Avløpsanlegget skal dimensjonerast, byggjast, drivast og vedlikehaldast slik at det har tilstrekkeleg yteevne under alle klimatiske tilhøve som er normale for staden der det ligg og slik at omgjevnadane ikkje vert utsett for sjenerande lukt.

Minireinseanlegg skal drivast og vedlikehaldast i tråd med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale, jf. vedlegg 2 punkt 2.3 til kapittel 11. Driftsavtalen skal innehalda informasjon om sørvisbesøk, beredskapsordning, årsrapportering og leveranse av delar.

Ved alle minireinseanlegg skal det som del av drifts- og vedlikehaldsavtalen takast representativ prøve på utlaup minimum kvart 2. år. Denne skal analyserast på tot-P, BOF5 og TKB (termotolerante koliforme bakteriar) av akkreditert laboratorium.

Det er eit generelt krav om at anlegget skal leggast til rette for prøvetaking.

Sørvis/vedlikehaldsføretak pliktar å senda årsrapport kvart år innan 1. mars for anlegg med sørvis- og vedlikehaldsavtale til kommunen. Anleggseigar skal ha kopi av sørvisrapport ved utført sørvis/vedlikehald. På spørsmål frå kommunen pliktar også føretaket å framlegga kopi av sørvisrapport til kommunen.

Ved konkurs/opphøyr hjå leverandør skal eigar inngå drifts- og vedlikehaldsavtale med annan fagkynlig verksemd.

Det er ikkje tillat å sleppa ut avlopsslam eller ristgods i ein vassførekost, verken ved dumping frå skip, utslepp frå røyrleidningar eller på nokon annan måte.

## **7. I krafttreden**

Forskrifta trer i kraft frå kommunestyret sitt vedtak den:

## **Utdrag frå sentral Forskrift om begrensning av forurensing (forurensingsforskriften)**

***FOR-2004-06-01-931, kapittel 12. Krav til utslipp av sanitært avløpsvann fra bolighus, hytter og lignende, §§ 12-13 til 12-17***

### ***§ 12-14. Endring og omgjøring av tillatelse***

Kommunen kan i medhold av forurensningsloven § 18 oppheve eller endre vilkår i tillatelse og om nødvendig kalle tillatelsen tilbake.

### ***§ 12-15. Klage***

Enkeltvedtak truffet i medhold av dette kapitlet av forvaltningsorgan opprettet i medhold av kommuneloven, kan påklages til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. forurensningsloven § 85 annet ledd. For enkeltvedtak truffet av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

### ***§ 12-16. Forholdet til eksisterende utslipp***

Tillatelser til utslipp av sanitært avløpsvann gitt i medhold av forurensningsloven og tilhørende forskrifter før 1. januar 2007 er fortsatt gjeldende.

Utslipp etablert før 1. januar 2007 og som det på tidspunkt for etablering ikke måtte innhentes tillatelse for etter det på den tid gjeldende regelverk, er fortsatt lovlige. Kommunen kan likevel i forskrift eller enkeltvedtak bestemme at slike utslipp er ulovlige etter en fastsatt frist.

### ***§ 12-17. Oppheving av lokale forskrifter***

Lokale forskrifter for utslipp av sanitært avløpsvann gitt i medhold av forurensningsloven og tilhørende forskrifter før 1. januar 2007 oppheves.

## **Resipientkart**

## Definisjonar

Innlagt vatn: Vatn frå vassverk, brønn, cisterneanlegg eller liknande som gjennom røyr eller slange er ført innandørs.

Sanitært avløpsvatn: Vatn frå toalett, kjøkken, bad, vaskerom eller liknande. Samleomgrep for gråvatn og svartvatn.

Gråvatn: Avløpsvatn frå kjøkken, bad, vaskerom eller liknande, avlaupsvatn frå toalett er unntatt.

Svartvatn: Avløpsvatn frå toalett.

Personekvivalent, pe: Den mengde organisk stoff som vert brote ned biologisk med eit biokjemisk oksygenforbruk målt over fem døgn, BOF5, på 60 g oksygen per døgn. Avløpsanlegget sin storleik i pe vert berekna på grunnlag av største vekemengde som samla går til overlaup, reinseanlegg eller ut- sleppspunkt gjennom året, med unntak av uvanlege tilhøve som for eksempel skuldast kraftig nedbør.

BOF5: Biokjemisk oksygenforbruk over fem døgn. Mål på innhald av organisk stoff i vatn.

TKB: Termotolerante koliforme bakteriar. Indikator på førekommst av tarmbakteriar.

Resipient: Vassførekommst som mottar forureining frå avløpsanlegg. Resipient for alle typar anlegg er overflatevatn (bekk, elv, sjø, innsjø, våtmark, kanalar med vassføring).

Reinseløsingar: Fellesomgrep for installasjonar med formål å rensa avløpsvatn.

NS-EN-12566-3: Europeisk norm; "Små avløpsanlegg for opptil 50 personekvivalenter (pe) – Del 3: Prefabrikkert og/eller montert på stedet".

Årssikker vassføring: Vassføring som ved middeltemperatur over frysepunktet ikkje tørkar ut av naturlege årsaker oftare enn kvart tiande år i gjennomsnitt.

Kjørbar veg: Veg som har tilfredsstillande snuplass eller gjennomkjøring og dessuten kurvatur, stigningstilhøve, breidde og styrke for å tåla eit kjøretøy av typen som tömmer og hentar slam i Nord- hordland. Ved tvist om vegen er kjørbar er kommune sitt syn avgjerande.

Etterpolering: Med etterpolering i denne forskrift vert det meint ekstra reining etter hovudrein- setrinn (som minireinseanlegg eller gråvatnsreinseanlegg) for å få stabilisert utsleppskvaliteten og få redusert mengda smittestoff i utsleppsvatnet.

## **Rettleiing**